Luster kommune

Miljøprogram

Helse- og omsorgssenter

Innleiing

Luster kommune planlegg etablering av nytt helse- og omsorgssenter på tomta Øyrane sentralt i Gaupne. Prosjektet skal bli utvikla gjennom ein samspelsentreprise med parallell detaljregulering av tomta.

Miljøprogrammet inneheld dei overordna miljøambisjonane for prosjektet og skal leggast til grunn i den vidare utviklinga av prosjektet inkludert detaljregulering av utbyggingsområdet.

Skildring av prosjektet

Nytt helse- og omsorgssenter vert etablert for å gi helsetenestene betre fasilitetar og gi bygningsmessig kapasitet til å tilby eit moderne og framtidsretta helsetilbod. Prosjektet skal samlokalisere helse- og omsorgstenester og ruste Luster kommune for ei framtid med fleire eldre og auka press på helse- og omsorgstenestene.

Bygget skal romme 55 institusjonsplassar, ei rekke kommunale helsetenester, samt ambulansestasjon for Helse Førde og parkeringskjellar. Det vert lagt til grunn at prosjektet vil ha eit omfang på omtrent 9.000m2 BRA. Tomta skal i tillegg utviklast med uteareal og infrastruktur.

Store deler av arealet er i dag disponert som dyrka mark, deler av arealet er nytta til campingføremål. Tomta grensar mot Engjadalselva, fylkesveg 55 og kommunal veg.

Forankring av miljømål

Prosjektet sine miljømål er forankra i Luster kommune i sin kommuneplan 2022 – 2034.

I kommuneplanen under satsingsområdet «Klimasmart» er det vedteke følgande hovudmål som er relevante for prosjektet sine miljøambisjonar;

- Direkte utslepp skal halverast innan 2030, og betydeleg reduksjon i energibruk og forbruk av forureinande varer og tenester.
- Kommuneorganisasjonen framstår som eit førebilete i klimaomstillinga.

I kommuneplanen ligg det og andre relevante føringar om at;

- Luster kommune skal vekte utsleppsreduserande tiltak og miljøvenleg innovasjon i anbodsprosessar
- Luster kommune skal velje energisparande og energifleksible løysingar og alternative energikjelder ved planlegging av nye bygg og anlegg.
- Naturmangfaldet i nærområde skal styrkast.

15.09.2026	Konkurransegrunnlag
Dato	**Skildring**

I tidlegare fase av prosjektet blei det gjennomført moglegheitsstudie for nytt senter på anna tomt. I samband med dette blei det gjort tidlegfasevurderingar av aktuelle miljøtiltak. Dette er nytta som grunnlag for fastsetting av miljømåla.

I høyringsinnspel til oppstartsvarsel for reguleringsplan er det kome merknader frå sektormyndigheiter om miljøomsyn som må ivaretakast i planen. Relevante krav er innarbeidd i miljøprogrammet.

Miljømåla skal og ivareta leigetakar Helse Førde sine miljøkrav til ambulansestasjonar, slik desse er nedfelt i Helse Førde sin kravspesifikasjon.

Utkast til miljøprogram er drøfta med leverandørar i marknadsdialog. Luster kommune ba om innspel frå marknaden på både ambisjonsnivå og om måla er treffsikre. Einskilde målformuleringar er justert etter innspel i dialogen.

Vurdering av miljøtema

Følgande miljøtema er vurdert som relevante for dette prosjektet:

Miljøtema	**Skildring**
Materialbruk og sirkularitet	Temaet omfattar alle typar materiale som skal nyttast i prosjektet inkludert avfall og levetidsvurderingar.
Naturmangfald og -ressursar	Temaet omfattar det biologiske mangfaldet og ivaretaking av naturverdiar og landbruksverdiar.
Landskapsbilete, arkitektur og bygningsmiljø	Temaet omfattar dei visuelle kvalitetane i prosjektet. Det omfattar arkitektonisk utforming av bygg inkludert avstandsverknader.
Klimatilpassing	Temaet omfattar tiltak for å hindre skade som konsekvensar av endra klima.
Klimagassutslepp	Temaet omfattar utslepp av klimagassar frå materialar og anleggsverksemd.
Energi	Temaet omfattar energibehov og energiforsyning i bruksfasen.

Fastsetting av miljømål

Det er utarbeidd miljømål for kvart miljøtema. Det er og vist til krav i DFØs kriterievegvisar som vert lagt til grunn for anksaffinga av samspelsentreprenør i prosjektet.

Miljøtema	**Miljømål**	**Krav frå DFØs kriterievegvisar** **Ambisjonsnivå: Grunnleggande**
Miljøstyring	• Miljøoppfølgingsplan (MOP) skal utarbeidast i forprosjektet og følgast opp av dedikert ansvarleg hos totalentreprenør gjennom detaljprosjektering og byggefase.	- Miljøoppfølgingsplan

	• Prosjektet skal følge opp alle relevante miljøkrav i TEK17, inkludert kontroll av byggevarer. • Prosjektet skal kvalifisere for Kommunalbanken sitt grøne lån.	
Materialbruk og sirkularitet	• For hovudbæresystemet, fasadeelement og dominerande element i bygget sitt uttrykk og publikumsareal vert det føresett 60 års levetid. • Livssykluskostnader skal vektleggast i val av design, klimaskjerm, energikonsept og drifts- og reinhaldskonsept. • Material som nyttast i prosjektet skal ikkje innehalde skadelege miljøgifter • Bygningsmassen skal ha høg grad av endringsdyktigheit (generalitet, fleksibilitet og elastisitet). • Prosjektet skal ha høg grad av sirkulær massehandtering. • Prosjektet skal oppnå minst 90% sorteringsgrad.	- Livssykluskostnader (LCC) - Bygg for endringsdyktigheit og ombruk
Naturmangfald og -ressursar	• Matjordressursar på tomta skal ivaretakast og nyttast til nydyrking, subsidiært jordforbetring i tråd med landbruksfagleg god praksis. Matjordplan skal bli utarbeidd. • Naturkvalitetar knytt til vassdrag og kantvegetasjon langs Engjadalselva skal ivaretakast.	
Landskapsbilete, arkitektur og bygningsmiljø	• Arkitekturen skal vere vakker og varig og inspirert av historiske lokale og regionale bygningsmiljø. • Bygg og infrastruktur skal vere stadstilpassa og innordne seg dei fysiske omgjevnadene. • Arkitektonisk utforming skal ivareta bygget sin funksjon som ein visuell portal til Gaupne sentrum.	
Klimatilpassing	• Tomta skal bli planlagt robust med omsyn til flaum, skred og overvatn.	
Klimagassutslepp	• Prosjektet skal stette krava i Kommunalbanken sine kriterie for Grøne lån punkt *1.2.2 Nye bygg i klimavenlege materialar* eller punkt *1.2.4 Nye bygg med lågt klimagassutslepp.* • Det skal bli utført klimagassberekningar for alternative løysingar for utvalde bygningsdelar. • Prosjektet skal ha 20% lågare utslepp enn referansenivå for sjukeheim.	- Klimagasskrav til byggematerialar - Klimagassberekningar for utvalde bygningsdelar

Energi	• Prosjektet skal stette krava i Kommunalbanken sitt kriterie for Grøne lån punkt *1.2.1 Nye bygg med lågt energibehov.* • Prosjektet skal oppnå energimerke A.	- Energibruk per kvadratmeter og per bruker